



Uskedal musikklag med sine 10 medlemmer framførte eit program alle likte og sette pris på.

**Uskedal musikklag gjesta Rosendalstunet i kveld med friske tonar frå eit variert repertoar. Musikklaget med sine 10 medlemmer passar godt inn med sine framføringar både ute og inne. På Rosendalstunet var dagstova ein god konsertarena og frammøte var godt på ein ettermiddag klokka 17.**

Det meste var kjende tonar, alt frå Kva var vel livet uten deg til Ole Ivars Jag trodde englarna fanns. Fire melodiar frå repertoaret til Frelsesarmeen er alltid eit godt val. Det er kjende tonar som er lette å nynna og trø takten til. Marsjmusikk høyrer alltid med når eit korps står fram, og det til og med utan skarp- og stortromma.



Frammøte var godt og det med mange kjende uskedalsfjes i salen.

Konserten var delt inn i to økter med allsang i pausen. Det var mange gode røyster i salen med song frå songboka Syng med i stor skrift. Det er Vinjebileum i år, -150 år sidan han vart fødd og vaks opp på husmannsplassen Plassen i Vinje i Telemark. Diktaren vart minna med songen Blåmann, blåmann bukken min eller som Vinje kalla han: Leitande etter Blåmann.

Thor Inge Døssland var festleiar. Han lova alle frammøtte at musikklaget truleg vil finna vegen attende til Rosendalstunet om ikkje så lenge. Det var for alle ei triveleg song- og musikkstund.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/Thor Inge Døssland



Kristian Bringedal leia allsongen.